

## Klarspråk på ferie

Eit lovgivingsteknisk blikk på den norske gjennomføringa av  
pakkereisedirektivet og timesharedirektivet

Kandidatnummer:

Leveringsfrist: 25. november 2017

11925 ord.



<b>1</b>	<b>INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
1.1	Klarspråk .....	2
1.2	Klarspråkideal møter lovspråket .....	3
1.3	Opplegget for oppgåva.....	5
<b>2</b>	<b>PAKKEREISELOVA.....</b>	<b>6</b>
2.1	Omgrepet <i>pakkereise</i> .....	6
2.2	Omgrepa <i>arrangør</i> og <i>formidlar</i> .....	8
2.3	Omgrepa <i>kunde</i> og <i>forbrukar</i> .....	9
2.4	Innhaldet i informasjonsmateriell .....	10
2.5	Informasjon før avtaleinngåinga .....	11
2.6	Informasjon før reisa tar til .....	12
2.7	Overdraging av reisa .....	13
2.8	Atterhald om endringar av avtala .....	14
2.9	Plikt til å gi melding om manglar og endringar .....	15
2.10	Heving .....	16
2.11	Tilbakebetaling eller ny pakkereise .....	17
2.12	Skadebot ved heving og avlysing.....	17
2.13	Skadebot ved manglar .....	18
2.14	Reklamasjonsplikt.....	19
<b>3</b>	<b>TIDSPARTLOVA.....</b>	<b>21</b>
3.1	Allmenne føresegner .....	21
3.2	Opplysningsplikta til den næringsdrivande.....	24
3.3	Forma og innhaldet i avtala.....	26
3.4	Betaling .....	27
3.5	Angrerett .....	27
<b>4</b>	<b>AVSLUTTING .....</b>	<b>29</b>
<b>KJELDELISTE .....</b>		<b>30</b>
Rettskjelder.....	30	
Norske lover og forskrifter.....	30	
Norske førearbeid.....	30	
EU-direktiv.....	31	
Rettspraksis .....	31	
Litteratur.....	32	

## 1 Innleiing

Denne oppgåva tek sikte på å bidra til kunnskap om språklege utfordringar i dei delane av regelverket som gjennomfører EU-rett i Noreg. Oppgåva skal sjå på språket i pakkereiselova og tidspartlova, som skal gjennomføre kvart sitt EU-direktiv om forbrukarrettar. Eg har valt å sjå på forbrukarrett fordi målgruppa for desse reglane er stor og har svært varierande språkkunne og kunnskap om jus. For ei slik gruppe vil det vere særleg viktig at reglane er klare og tydelege.

Staten har arbeidd i over 60 år med å gjere språkføringa til forvaltinga meir tilgjengeleg for innbyggjarane, mellom anna med skrivekurs for tilsette i forvaltinga og retningslinjer for godt språk, men det vil alltid vere rom for å gjere slikt arbeid betre.<sup>1</sup> I arbeidet med å få forvaltinga til å kommunisere betre er det mykje å tene på å sjå på språket i lover og forskrifter, både fordi utslektet regelverk gjerne vil forplante seg vidare til dei som skal forvalte reglane og av omsyn til innbyggjarane som møter regelverket.<sup>2</sup>

Prosjektet «Klart lovspråk» starta i 2011 med formål om å lære meir om språklege utfordringar i regelverket og å gjere regelspråket klarare og betre. Deltakarane er Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Kulturdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Språkrådet.<sup>3</sup> Prosjektet er eit delprosjekt i samarbeidet «Klart språk i staten» som i hovudsak er eit samarbeid mellom Språkrådet og Difi for å gjere kommunikasjonen frå forvaltninga til innbyggjarane tydelegare.<sup>4</sup>

I arbeidet med å gjere lovspråket klarare kan det dukke opp nokre problem som ikkje viser seg like tydeleg i kommunikasjon frå forvaltinga til innbyggjarane. Eg vil peike på nokre av desse utfordringane, og særleg sjå på kva som kan vera særskilt for regelverk som gjennomfører EU-rett i Noreg. Eg har valt å sjå på gjennomføring av EU-rett fordi dette er regelverk med svært mange mottakarar. Dette stiller andre krav til språkføringa enn tekstar med få mottakarar. Ei klar språkføring må uansett vere tilpassa til mottakarane, anten dei er få eller mange.<sup>5</sup>

Noreg har eit svært tett forhold til EU, jamvel om vi ikkje har fullt medlemskap. Europautgreiinga reknar med at Noreg har overtatt om lag  $\frac{3}{4}$  av EU-ritten, samanlikna med medlemslanda.<sup>6</sup> I det norske lovverket per august 2011 inneheldt minst 174 av om lag 600 lover EU-rett i nokon grad, i tillegg til rundt 1 000 av 11 000 forskrifter.<sup>7</sup> Avtalene mellom Noreg og EU omfattar dei fleste samfunnsområde, og alle departement og kommunar og dei fleste yrte

---

<sup>1</sup> Horrigmo (2011), s. 30.

<sup>2</sup> Horrigmo (2011), s. 30.

<sup>3</sup> Klarspråk.no (udatert, a).

<sup>4</sup> Klarspråk.no (2015).

<sup>5</sup> Ds 2006: 10, s. 7.

<sup>6</sup> NOU 2012: 2, s. 18.

<sup>7</sup> NOU 2012: 2, s. 882.

etatar arbeider med EU-/EØS-saker i større eller mindre grad.<sup>8</sup> EU-retten viser seg i alt frå heilt kvardagslege gjeremål, som køyretøykontroll, til store strukturelle spørsmål, som den felles arbeidsmarknaden.<sup>9</sup> I utvalet eg har gjort av lover og direktiv vil eg sjå på reglar som privatpersonar kan møte i kvardagen. Ved å sjå særleg på reglar som er viktige i kvardagen håpar eg oppgåva kan vere nyttig i vidare arbeid med klart lovspråk, også på andre saksfelt enn forbrukarrett.

## 1.1 Klarspråk

Klarspråk er eit omgrep for offentlege tekstar som er korrekte, brukartilpassa og klare, i tydinga at mottakarane skal finne det dei treng, kunne forstå det dei finn og bruke det der dei skal.<sup>10</sup> Omsyna bak klarspråkarbeidet i staten er å fremme demokrati og rettstryggleik, skape tillit til forvaltinga, fremme kommunikasjon, spare tid og pengar og å halde fram det offentlege som eit godt språkleg føredøme.<sup>11</sup> Omsynet til rettstryggleiken er særleg viktig i lover og forskrifter, sidan innbyggjarane må forstå regelverket for å kunne ha best mogleg oversyn over rettane og pliktene sine.<sup>12</sup> Eit forståeleg regelverk er òg eit godt bidrag til «eit ope og opplyst offentleg ordskifte».<sup>13</sup>

Nettopp fordi målet er å gjere teksten brukarvenleg for mottakaren er det ikkje så lett å setje allmenne kjennemerke på kva som er eller ikkje er klarspråk frå tekst til tekst. Det som er klart for ei målgruppe er ikkje alltid klart for den neste.<sup>14</sup> Det har hittil vore praktikarane, framfor teoretikarane, som har gjort mykje av arbeidet med klarspråk.<sup>15</sup> Dette gjer at klarspråkideala ikkje har ein allmenn definisjon, men i staden nokre praktiske råd, gjerne om kva forfattaren bør unngå.<sup>16</sup> I Danmark har språkvitarar samanfatta dei viktigaste råda som tilrådingar om kva forfattaren bør unngå: Lange utgreiingar før ein kjem til saka, lange setningar, innskotne setningar, «venstrevridde» setningar med verbet plassert langt bak, passivform, å gjere om verb til substantiv, lange samansette ord, klisjear, for gamaldagse og for nymotens ord, abstrakte ord

---

<sup>8</sup> NOU 2012: 2, s. 18.

<sup>9</sup> NOU 2012: 2, s. 18.

<sup>10</sup> Klarspråk.no (udatert, b).

<sup>11</sup> Klarspråk.no (udatert, c).

<sup>12</sup> Difi rapport 2013: 1, s. 1.

<sup>13</sup> Jf. Grunnlova § 100, sjette ledet.

<sup>14</sup> Wengelin (2015), s. 15.

<sup>15</sup> Nord (2015), s. 2.

<sup>16</sup> Wengelin (2015), s. 2.

og reine faguttrykk.<sup>17</sup> Forfattaren må ta med slike råd i heile arbeidet, framfor å byte ut enkelte ord og uttrykk i eksisterande tekstar.<sup>18</sup>

Omsynet til heilskapen gjer at det kan vere vanskeleg å vurdere utdrag frå tekstar, slik eg legg opp til med lovtekstar i denne oppgåva. Det er likevel slik at språklege eigenskapar kan fortelje oss noko om kor god og forståeleg ein tekst er, om vi ser klarspråkideala i samanhengen vi skal bruke dei i og bruker fornufta.<sup>19</sup> Det vil altså ikkje vere mogleg i ei oppgåve som denne å stille opp noko skjema med konkrete tal på kor mykje eller lite ein tekst oppfyller klarspråkideala. I denne oppgåva blir det òg viktig å ta omsyn til kva som skil lovspråk frå forvaltingsspråk, sidan ikkje alle klarspråkideala passar like godt for tekstar med ei ubestemt målgruppe som for direkte kommunikasjon frå forvaltinga.

## 1.2 Klarspråkideala møter lovspråket

Frå november 1814 til juni 1908 var det grunnlovsfesta, i § 81, at «Alle Love udfærdiges i det norske Sprog». Jamvel om denne formuleringa er ute av Grunnlova no er det ingen tvil om at lovspråket er norsk, og helst eit enkelt, presist og konsist norsk.<sup>20</sup> Men desse omsyna kan verke mot kvarandre. Det som er enkelt er ikkje alltid presist, og omvendt.

Lovspråket har nokre særtrekk som skil det frå daglegtale. Å gje lover er å utøve makt, og difor vil det ikkje vere mogleg å få til lovtekster som er ei heilt jamboren samtale mellom partane.<sup>21</sup> Språkprofessor Finn-Erik Vinje gir uttrykk for dette når han legg vekt på at stilten i lovspråket bør vere «verdig», «nøktern» og «lidenskapsløs», jamvel om han òg åtvarar mot at lovene blir «et reservat for en eksklusiv høyprosa».<sup>22</sup> Sidan lover rettar seg mot ubestemte personar må stilten bli upersonleg, og lovene viser autoriteten sin gjennom substantivformer, passivformer og eigne faguttrykk.<sup>23</sup> Slike trekk står i strid med klarspråkideala, men er ein del av sjangeren og difor ikkje heilt til å unngå.<sup>24</sup> EU-retten har ein språktradisjon med meir bruk av såkalla kansellistil.<sup>25</sup> Dette gir teksten meir autoritet, men gjer han mindre forståeleg.

Det er vanskeleg å gje lover som gir heilt tydelege svar på kvar moglege tvist, sidan lovgivarane må ta omsyn til mange interesser og moglege situasjonar, medan personen som treng ei lov til

---

<sup>17</sup> Jensen sitert i Kjærgaard (2015), s. 2.

<sup>18</sup> Nord (2015), s. 4.

<sup>19</sup> Wengelin (2015), s. 15.

<sup>20</sup> Backer (2013, a), s. 124–125.

<sup>21</sup> Graver (2015), s. 1.

<sup>22</sup> Vinje (1995), s. 9–10.

<sup>23</sup> Graver (2011), s. 56.

<sup>24</sup> Graver (2015), s. 3.

<sup>25</sup> Difi rapport 2013: 1, s. 2.

ein bestemt tvist gjerne vil lese lova i lys av sine eigne interesser.<sup>26</sup> Lovtekstar må difor nødvendigvis vere meir abstrakte enn det kvar enkelt av oss kanskje skulle ønske når vi har eit konkret juridisk spørsmål, og eit for kvardagsleg språk kan villeie lesaren til å tru at regelen lovteksten gir uttrykk for er enklare enn det som er tilfelle.<sup>27</sup> Mindre tydelege lover kan gje domstolane rom til å vere fleksible og finne den beste løysinga på eit problem lovgivaren ikkje såg føre seg.<sup>28</sup> I EU kan dette gje øg medlemslanda spelrom i korleis dei vil gjennomføre måla i eit direktiv.<sup>29</sup>

Det kan skje at EU-landa inngår uformelle kompromiss om praktisering og handheving av forordningar og direktiv i Rådet, utan at desse kompromissa nødvendigvis blir gjort skriftlege.<sup>30</sup> Utan tilgang til forhandlingane i Rådet er dei norske lovgivarane mindre sikre på kva regelen eigentleg inneheld, og det gjer det vanskeleg å formulere den norske regelen på ein klar og enkel måte.<sup>31</sup>

Ei anna hindring for klarspråk kan vere at EU og Noreg bruker det same faguttrykket ulikt, rapporten nemner som døme at Noreg nyttar ei «snillare» tolking av omgrepene *busett* enn andre land i EØS-området.<sup>32</sup> Eit anna døme, særleg relevant for denne oppgåva, er at Noreg og EU har ulike definisjonar av omgrepene *forbrukar*, der Noreg òg inkluderer personar som delvis handlar i næringsverksemد<sup>33</sup>, medan EU ikkje gjer det.<sup>34</sup> Slike døme har samanheng med at EU no har 24 offisielle språk, fordelt på dei tre språkfamiliane indoeuropeiske, uralske og afroasiatiske språk. Å gjere reglar klare og tydelege og samstundes få fram den same meinингa i alle språkvariantane er ei stor utfordring.<sup>35</sup> At lovgivarane i EU først skriv teksten på eit ikkje-nordisk språk og deretter omset han til svensk og dansk styrkar denne utfordringa frå ein norsk ståstad.<sup>36</sup>

---

<sup>26</sup> Graver (2015), s. 1–2.

<sup>27</sup> Graver (2015), s. 3.

<sup>28</sup> Backer (2013, a), s. 125.

<sup>29</sup> Difi rapport 2013: 1, s. 40.

<sup>30</sup> Sejersted (2011), s. 234.

<sup>31</sup> Backer (2013, b), s. 78.

<sup>32</sup> Difi rapport 2013: 1, s. 24.

<sup>33</sup> Forbrukarkjøpslova § 1, tredje ledet: «Med forbruker menes en fysisk person som ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet.» (mi utheving).

<sup>34</sup> EP/Rdir 1999/44/EF art. 1, nr. 2 bokstav a: «forbruger: en fysisk person, der i forbindelse med de af dette direktiv omfattede aftaler, ikke handler som led i sit erhverv» (mi utheving).

<sup>35</sup> Lohndal (2011), s. 29.

<sup>36</sup> Nord (2015), s. 4.

### **1.3 Opplegget for oppgåva**

Oppgåva skal sjå på lovspråket i gjennomføringa av EU-direktiv på forbrukarrettsområdet. Det er særleg fire lover som peiker seg ut ved at dei både er sentrale forbrukarkjøpslover og ved at dei gjennomfører EU-direktiv i norsk rett. Dette er pakkereiselova, som gjennomfører pakkereisedirektivet; forbrukarkjøpslova, som gjennomfører forbrukarkjøpsdirektivet; tidspartlova, som gjennomfører timesharedirektivet og angrerettlova, som gjennomfører fjernsaldirektivet og forbrukardirektivet. Eg har valt å sjå spesielt på pakkereiselova og tidspartlova, for å få ein tematisk samanheng rundt ferierande. Dette er ei stadig større og viktigare gruppe forbrukarar, men har kanskje kome litt i bakgrunnen for ulike lovreguleringar av kjøp når det er snakk om forbrukarlovsgjeving.

Eg har elles valt å utelata nokre sentrale forbrukarkjøpslover ettersom dei ikkje er like enkle å knytte opp mot eit bestemt EU-direktiv. Dette gjeld avhendingslova, som òg har reglar for næringsdrivande, handverkartenestelova og bustadoppføringslova. I desse lovene vil det vere vanskelegare å finne den eventuelle påverknaden frå EU på lovspråket, så eg vil berre kome inn på dei der dei tener til samanlikning med lovene eg skal granske.

Gjennom å sjå på sentrale lover for forbrukarkjøp knytt til ferie håpar eg å få fram viktige omsyn lovgivarane bør ta til mottakarar som dei ikkje kan vente at har særleg juridisk kunnskap, og som vil vere varierande grad av språkkunnige generelt. Reglar for denne målgruppa bør vere særleg klare og tydelege. Eg vil sjå etter formuleringar som kan verke uklare for norske leserar, og særleg etter ord og vendingar som kan ha kome med i lovene som resultat av EU-direktiva dei skal gjennomføre. I dette arbeidet vil eg kombinere eit mangfold av råd om klarspråk og stor grad av skjønn.

## 2 Pakkereiselova

Pakkereiselova av 1995 kom til som ein direkte konsekvens av at EF hadde vedtatt pakkereisedirektivet, som Noreg gjennom EØS-avtala fekk ei plikt til å gjennomføre.<sup>37</sup> I fortala til direktivet peiker Rådet på aukande turisme og pakketurisme i medlemsstatane og eit ønske om å samordne svært ulike regelverk i dei ulike landa, for å gje forbrukarane sterkare vern og for å oppmøde til vekst i turismenæringa.<sup>38</sup>

I Noreg fanst det inga særskild lov om pakkereiser før direktivet, men det fanst ei semje mellom Forbrukarombodet og Den Norske Reisebransjeforening (no del av hovudorganisasjonen Virke) om alminnelege vilkår for selskapsreiser og pakketurar.<sup>39</sup> Denne semja hadde bakgrunn i marknadsføringslova 1972 § 9a (som svarer til den noverande marknadsføringslova § 22) om urimelege avtalevilkår.<sup>40</sup> Pakkereiselova inneholder element både frå desse vilkåra og frå pakkereisedirektivet.<sup>41</sup> Kapittel 11 om reisegaranti erstattar den tidlegare reisegarantilova, og samlar reglane om pakkereiser i éi lov.<sup>42</sup>

Eg vil under sjå på språkføringa i dei reglane som svarer til reglar i direktivet, men vil òg bruke reglane i dei norske vilkåra til å samanlikne formuleringar. Dette inneber at eg vil sjå på kapittel 2, 3, 5 og 8 og dei relevante delane av kapittel 4 og 6 i lova, ettersom desse kapitla har mest samanheng med reglar i direktivet.<sup>43</sup>

### 2.1 Omgrepet *pakkereise*

Kapittel 2 i pakkereiselova avklarar fem sentrale omgrep: pakkereise, arrangør, formidlar, kunde og forbrukar. Dette svarer til artikkel 2 i pakkereisedirektivet, men med små endringar.<sup>44</sup> Definisjonen av forbrukar («forbruger», «consumer») i direktivet svarer til definisjonen av kunde i lova, medan definisjonen av forbrukar som kom inn i lova i 2016 ikkje har noko motsvar i direktivet.<sup>45</sup> I tillegg inneholder direktivet ein definisjon av kontrakt som ikkje er tatt inn i lova.<sup>46</sup>

§ 2-1 i pakkereiselova fortel oss kva ei pakkereise er. Det er stilt opp fire kriterium i første leddet i paragrafen. Arrangementet må for det første vere tilrettelagt, anten av arrangøren sjølv

---

<sup>37</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 7.

<sup>38</sup> Rdir 90/314/EØF fortala.

<sup>39</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 8.

<sup>40</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 8.

<sup>41</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 8–9.

<sup>42</sup> Ot.prp. nr. 71 (1994–1995) s. 10.

<sup>43</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 9.

<sup>44</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2.

<sup>45</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 4, jf. pakrl. §§ 2-3 og 2-4.

<sup>46</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 5.

eller av kunden når arrangøren tilbyr eit såkalla skreddarsydd arrangement med ein avgrensa «meny».<sup>47</sup> Unntaket for skreddarsydde arrangement kom inn som eit nytt tredje ledd i 2006 for å presisere at det ikkje er måten bestillinga er lagt opp på som skal avgjere om ei reise er ei pakkereise.<sup>48</sup> Denne presiseringa har ikkje noko direkte motsvar i ordlyden i direktivet, men EF-domstolen avklarte i 2002 at skreddarsydde arrangement er å rekne som pakkereise også i EU-retten.<sup>49</sup> Direktivet skil seg òg frå lova ved at direktivet i ordlyden seier at arrangementet må vere «på forhånd fastlagt» («pre-arranged»).<sup>50</sup> Ei slik formulering fanst òg i pakkereiselova før 2006, men forsvann etter at EF-domstolen avklarte, i Club-Tour-saka, at omgrepene *pakkereise* og omfattar pakker partane set saman på det tidspunktet dei inngår kontrakten.<sup>51</sup>

Det andre kriteriet i pakkereiselova §2-1 første leddet er at arrangementet varer i meir enn 24 timer eller omfattar overnatting. Dette svarer heilt til formuleringa i pakkereisedirektivet, og bør ikkje by på nokre problem for lesaren.<sup>52</sup>

Det tredje kriteriet er at arrangementet vert sold eller marknadsført til ein samla pris. Både lova og direktivet presiserer at dette gjeld jamvel om arrangøren fakturerer einskilddelar av arrangementet kvar for seg.<sup>53</sup> Her er det ikkje nødvendigvis opplagt for lesaren kva omgrepene *samla pris* skal innebere når arrangøren fakturerer einskildvis. På den andre sida er det ikkje mogleg å løyse alle grensetilfelle i ein lovtekst, og det ser ikkje ut til at dette har vore ei problemstilling i pakkereiseklagenemnda.

Det fjerde kriteriet er sett saman på ein litt komplisert måte. Arrangementet må innehalde minst to av tre moglege element: transport, innkvartering, eller turisttenester som utgjer ein vesentleg del av arrangementet, men som ikkje er direkte knytte til transport eller innkvartering.<sup>54</sup> Det går ikkje klart fram av førearbeida om det er meint å vere noko skilje mellom omgrepa *overnatting* og *innkvartering*. Departementet definerer *overnatting* som nattleg innkvartering.<sup>55</sup> Det same skiljet finst i den danske språklege utgåva av direktivet, «overnatning» og «indkvartering», men ikkje i den engelskspråklege, som bruker «accommodation» både stader.<sup>56</sup> Dersom det ikkje var meint å vere noko skilje mellom desse omgrepa burde dei ha brukt det same omgrepene både

---

<sup>47</sup> Pakrl. § 2-1 tredje leddet, jf. Ot.prp. nr. 41 (2005–2006) s. 31.

<sup>48</sup> Ot.prp. nr. 41 (2005–2006) s. 9.

<sup>49</sup> Sag C-400/00 Club-Tour mod Gonçalves Garrido, avsn. 16.

<sup>50</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 1 første leddet.

<sup>51</sup> Ot.prp. nr. 41 (2005–2006) s. 9, jf. Sag C-400/00 Club-Tour mod Gonçalves Garrido, avsn. 20.

<sup>52</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 1 første leddet.

<sup>53</sup> Pakrl. § 2-1 andre leddet, jf. Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 1 andre leddet.

<sup>54</sup> Pakrl. § 2-1 første leddet.

<sup>55</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 37.

<sup>56</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 1 første leddet.

stader. Dersom dei derimot er meint å ha ulikt innhold burde det gått klarare fram kva skiljet skal gå ut på, i det minste i førearbeida.

Sett under eitt er likevel ikkje dei einskilde delane av paragrafen nødvendigvis vanskelege å forstå, men måten paragrafen er delt inn på kan skape forvirring, særleg etter at det kom eit nytt tredje ledd i 2006. Når det fjerde kriteriet i første ledet inneheld ei nummerert liste over tre element, er det lett å tru ved første augekast at det er desse elementa som er kjernen i definisjonen av omgrepene pakkereise, og på den måten ikkje bli merksam på at det er tre andre kriterium. At andre og tredje ledet gir presiseringar til høvesvis det tredje og det første kriteriet bidrar til at paragrafen no verkar rotete og vanskeleg å lese. Det er nærliggjande å tru at dette oppsettet er henta direkte frå direktivet.<sup>57</sup> Etter mi mening burde lovgivarane heller ha lagt dei ulike kriteria, med presiseringane som høyrer til, inn i kvart sitt ledd eller som nummerert punktliste.

## 2.2 Omgrepa *arrangør* og *formidlar*

Pakkereiselova § 2-2 definerer både arrangør og formidlar, i høvesvis første og andre ledet. Det er alltid arrangøren som legg til rette for pakkereisa, medan anten arrangøren eller formidlaren kan selje reisa.<sup>58</sup> I direktivet har desse to definisjonane fått kvart sitt punkt i ei nummerert liste, under namna «rejsearrangør» («organizer») og «formidler» («retailer»).<sup>59</sup>

I motsetning til i § 2-1 har lovgivarane valt å skrive definisjonane i §§ 2-2–2-4 «som ... anses» framfor «med ... menes». Jamvel om vi neppe finn slike passivkonstruksjonar i daglegtala til ikkje-juristar verkar «mene» meir moderne enn «anse». Verbet «anse» går igjen i svært mange lover, særleg i paragrafar som skal gi definisjonar, men eg har ikkje funne nokon diskusjon om kvifor det skulle vere eit betre ord enn «mene» eller «regne». Det har nok snarare blitt ein del av stammespråket for juristar.

I § 2-2 første ledet andre punktumet finst unntaket frå første punktumet, nemleg at ein som legg til rette for pakkereiser ikkje er å rekne som arrangør dersom han ikkje gjer dette jamleg og ikkje gjer det som ledd i næringsverksem. Her er det ikkje visst at ein lesar som ikkje er jurist får med seg kor viktig konjunksjonen *og* er. Ein næringsdrivande som berre sjeldan organiserer pakkereiser er framleis å rekne som arrangør, men det er ikkje lett å sjå ved første augekast.<sup>60</sup> Lovgivarane kunne gjort dette enklare å skjøne om dei hadde skrive «verken ... eller». I det same unntaket finn vi formuleringa «når virksomheten bare utøves leilighetsvis».<sup>61</sup>

---

<sup>57</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 1.

<sup>58</sup> Pakrl. § 2-2.

<sup>59</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 2 og nr. 3.

<sup>60</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 38.

<sup>61</sup> Pakrl. § 2-2 første ledet andre punktumet.

Denne formuleringa liknar på den engelske utgåva av direktivet, «person who, other than occasionally, organizes».<sup>62</sup> Det verkar lite brukarvenleg å velje ei såpass krunglete formulering, særleg når den danske utgåva har ein mykje meir forståeleg variant: «person, der jævnligt arrangerer pakkerejser».<sup>63</sup>

Andre ledet, som definerer «formidler», samsvarer med direktivet og er enkelt formulert.<sup>64</sup> Det er derimot ikkje sjølv sagt kvifor denne definisjonen ikkje har fått ein eigen paragraf, slik som dei andre definisjonane. Eg tykkjer det er eit godt grep å gjere om den nummererte lista i direktivet til kvar sine paragrafar i lova, særleg fordi nokre av definisjonane er ganske lange, men da hadde det vore meir systematisk om kvar paragraf definerte eitt omgrep. På den andre sida er definisjonen av formidlar den kortaste, og heng nært saman med omgrepet *arrangør*, så det er vel helst ei smakssak kvar det er best å plassere han.

## 2.3 Omgrepa *kunde* og *forbrukar*

Pakkereiselova bruker omgrepet *kunde* i § 2-3, der direktivet bruker «forbruger» («consumer») i sin definisjon, jamvel om innhaldet i definisjonane er det same.<sup>65</sup> Dette treng likevel ikkje by på forvirring for andre enn dei som leiter fram direktivet. I denne samanhengen er kunden ikkje nødvendigvis forbrukar, slik vi har definert omgrepet *forbrukar* i norsk rett.<sup>66</sup> Det ville altså ha ført til forvirring om lovgivarane ikkje valde eit anna omgrep enn direktivet her. Dei kunne alternativt ha brukt omgrepet *kjøpar*, i tråd med kjøpslova, men *kunde* er både nærmare vanleg daglegtale og unngår å gi inntrykk av at pakkereiselova berre gjeld næringskjøp, slik kjøpslova gjer.<sup>67</sup>

Denne paragrafen har òg nokre døme på gamaldags språkføring. «[D]en i hvis navn avtalen [...] inngås» er rett nok lettare å lese enn den danske «person, i hvis navn hovedkontrahenten forpligter sig til at købe ...», men er kor som er eit stykke frå vanleg daglegtale no for tida, eller i 1995.<sup>68</sup> Det kunne til dømes vore mogleg å skrive «den som avtalen om kjøpet inngås på vegne av» eller noko liknande. På same måte kunne «den som har fått seg overdratt pakkereisen» like gjerne vore «den som har fått overdratt pakkereisen til seg» eller «den personen som den opprinnelige kunden overdrar pakkereisen til».<sup>69</sup>

---

<sup>62</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 2.

<sup>63</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 2.

<sup>64</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 3.

<sup>65</sup> Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 4.

<sup>66</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 39, jf. forbrkjl. § 1 tredje ledet og pakrl. § 2-4.

<sup>67</sup> Jf. kjl. § 1 første ledet.

<sup>68</sup> Pakrl. § 2-3 første punktumet, jf. Rdir 90/314/EØF art. 2 nr. 4.

<sup>69</sup> Pakrl. § 2-3 andre punktumet.

Definisjonen av *forbrukar* i § 2-4 kom inn i lova i 2016, og svarer heilt til definisjonen i forbrukarkjøpslova § 1. Denne definisjonen skil seg frå definisjonen i forbrukarkjøpsdirektivet artikkel 1 nummer 2 bokstav a på eit vesentleg punkt: Der lova seier at forbrukaren «ikke hovedsakelig handler som ledd i næringsvirksomhet», seier direktivet «ikke handler som led i sit erhverv» («acting for purposes which are not related to his trade, business or profession»).<sup>70</sup> Dette inneber ein vidare definisjon av omgrepet *forbrukar* i norsk rett enn i EU-retten.

## 2.4 Innhaldet i informasjonsmateriell

Pakkereiselova kapittel 3 stiller krav til opplysingane kunden får før reisa tar til. Krava til eventuelt informasjonsmateriell, informasjon om avtalevilkåra og opplysingar om andre praktiske ting er fordelt på paragrafane 3-2 til 3-4. I pakkereisedirektivet kjem tilsvarende krav fram i artikkel 3 og 4.<sup>71</sup> Lovgivarane har altså valt ein annan systematikk enn i direktivet her, tilsynelatande for å samle krav til opplysingar i eitt kapittel, der direktivet heller skil mellom generell marknadsføring og opplysingar som heng saman med den einskilde avtala.

I § 3-2 første leddet finn vi krava til innhaldet i katalogar og brosjyrar, men ikkje noko krav om at arrangøren skal tilby slike.<sup>72</sup> I lova er krava til innhaldet i katalogar og brosjyrar formulert som éi setning, med to ulike gradar av krav.<sup>73</sup> Det skal alltid vere tydeleg og forståeleg informasjon om prisen, medan det berre er krav om informasjon utover dette så langt det er nødvendig.<sup>74</sup> I direktivet er det òg eit skilje mellom informasjon om pris og annan informasjon, men der lova listar opp åtte typar opplysingar i ei setning, har direktivet delt dette opp i sju bokstavpunkt, med meir utfyllande opplysingar om kvart punkt.<sup>75</sup> I førearbeida til lova går det fram at dei har valt å gje utfyllande opplysingar i forskrift i staden for direkte i lovteksten.<sup>76</sup> Denne løysinga gjer at lesaren må oppsøkje fleire kjelder, men bidrar på den andre sida til at lovteksten blir kort og konsis. I denne paragrafen verkar det som ei grei løysing å ha ei enkel oppramsing i lova, slik at dei som treng fleire opplysingar, gjerne i samband med ein tvist, kan leite i forskrifta. Å dele opp punktet i direktivet om reisemål og transport i to punkt i lova gjer det òg meir brukarvenleg, sidan punktet handlar om to ulike høve.<sup>77</sup> Faren er at setninga kan sjå lang og krungele ut med ei så lang oppramsing.

---

<sup>70</sup> Forbrkj. § 1 tredje leddet, jf. EP/Rdir 1999/44/EF art. 1 nr. 2 bokstav a.

<sup>71</sup> Rdir 90/314/EØF art. 3 og art. 4.

<sup>72</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 39.

<sup>73</sup> Pakrl. § 3-2 første leddet.

<sup>74</sup> Pakrl. § 3-2 første leddet.

<sup>75</sup> Rdir 90/314/EØF art. 3 nr. 2 første leddet.

<sup>76</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 39.

<sup>77</sup> Rdir 90/314/EØF art. 3 nr. 2 første leddet bokstav a, jf. pakrl. § 3-2 første leddet.

Kravet om at informasjonen om pris skal vere tydeleg og forståeleg («let læseligt, klart og præcist», «legible, comprehensible and accurate») kan sjå vagt ut, men det ville tatt svært mykje plass i lovteksten om alle omsyna i ei objektiv vurdering av om ein katalog er forståeleg nok for kunden.<sup>78</sup> Det er i tråd med lovgivingstradisjonen i Noreg å la slike standardar stå åleine i lova og heller presisere dei i førearbeid og/eller rettspraksis. Som ein kort merknad vil eg nemne at førearbeida ikkje seier noko om kvifor «brochure» i direktivet, både på dansk og engelsk, har vorte til «kataloger og brosyrer» i lova, men alt i alt ser det ut som eit pedagogisk grep som kan gi lesaren fleire assosiasjonar til kva regelen handlar om.<sup>79</sup>

Det går fram av § 3-2 andre leddet at alle opplysingane i slike katalogar blir ein del av avtala mellom arrangøren og kunden. Denne hovudregelen har to unntak. Det første er for opplysingar som ikkje har påverka avgjersla til kunden.<sup>80</sup> Dette unntaket har ikkje nokon parallelle i direktivet. Det andre unntaket er når arrangøren tydeleg endrar på opplysingane før avtala blir inngått.<sup>81</sup> Dette unntaket gjeld berre når arrangøren har tatt etterhald om slike endringar.<sup>82</sup> Dette unntaket finn vi òg i direktivet, men der er det skilt ut som eit strekpunkt.<sup>83</sup> Her er altså direktivet meir brukarvenleg formulert, ved at hovudregelen står for seg, medan unntaka står i strekpunkt under. I den norske lova står hovudregel og det første unntaket i første punktumet, og det andre unntaket med ei presisering i andre og tredje punktumet. Det går ikkje fram av førearbeida kvifor departementet har valt denne løysinga.

## 2.5 Informasjon før avtaleinngåinga

Første leddet i § 3-3 i pakkereiselova gir arrangøren plikt til å informere om avtalevilkåra og praktiske tilhøve om pass, visum og helsekrav før han inngår avtale med kunden. Her er systematikken i lova annleis enn i direktivet, der informasjon om pass, visum og helsekrav står i eit separat punkt frå informasjon om avtalevilkåra.<sup>84</sup> Dette ser eg på som eit godt grep, fordi det er sannsynleg at arrangøren gir informasjon om desse tinga om lag samtidig. At desse punkta er skilt i direktivet spring ut av eit ønske om å gi medlemslanda meir fridom i gjennomføringa av punktet om avtalevilkåra. Dette viser seg i skilnaden mellom formuleringane «[r]ejsearrangøren [...] giver» («[t]he organizer [...] shall») og «[m]edlemsstaterne påser» («Member States shall ensure»).<sup>85</sup>

---

<sup>78</sup> Pakrl. § 3-2 første leddet, jf. Rdir 90/314/EØF art. 3 nr. 2 første leddet.

<sup>79</sup> Pakrl. § 3-2 første leddet, jf. Rdir 90/314/EØF art. 3 nr. 2 første leddet.

<sup>80</sup> Pakrl. § 3-2 andre leddet første punktumet.

<sup>81</sup> Pakrl. § 3-2 andre leddet andre punktumet.

<sup>82</sup> Pakrl. § 3-2 andre leddet tredje punktumet.

<sup>83</sup> Rdir 90/314/EØF art. 3 nr. 2 andre leddet.

<sup>84</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav a og art. 4 nr. 2 bokstav b.

<sup>85</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav a og art. 4 nr. 2 bokstav b.

Ordlyden i § 3-3 første leddet legg ansvaret for denne informasjonen berre på arrangøren, i motsetning til direktivet, som legg ansvaret på arrangøren og/eller formidlaren.<sup>86</sup> Det er ikkje så lett å lese av lova om det praktiske innhaldet likevel blir som i direktivet på grunn av regelen i § 7-1. I førrearbeida går det fram at departementet ikkje har meint at brot på pliktene i § 3-3 er ein mangel i seg sjølv, men at det kan verke inn på kva som blir rekna som avtalt.<sup>87</sup> Formuleringsa bidrar samtidig til at lova ikkje treng gjenta den litt keitete formuleringa «arrangøren og/eller formidleren» i kvar regel.

I andre punktumet i paragrafen er det ei vag verdiformulering, «annen klar måte», men diskusjonen om denne blir lik som for «tydelig og forståelig» over.

Andre leddet inneheld eit unntak for avtaler partane inngår rett før reisa skal ta til. Dersom det ikkje blir tid til å gi fullstendig informasjon i tråd med første leddet, skal arrangøren gi så mykje informasjon som er praktisk mogleg.<sup>88</sup> Målet er at reglane om opplysningsplikt ikkje skal hindre kundar frå å bestille pakkereiser same dag som avreise, samtidig som kunden i alle fall skal få best mogleg informasjon.<sup>89</sup> Her kunne det vere fristande å seie at hovudregelen like gjerne kunne vore best mogleg informasjon i den konkrete situasjonen. På den andre sida kunne ei slik formulering oppmode til ein mindre streng praksis på kor mykje informasjon arrangøren må gi.

## 2.6 Informasjon før reisa tar til

Pakkereiselova § 3-4 stiller krav til informasjon arrangøren må gi før reisa tar til. Dette kan altså skje etter at avtala med kunden er ferdig inngått. I denne regelen er det krav til informasjon om transport, moglege forsikringar og viktig kontaktinformasjon for reisande og pårørande til mindreårige som reiser.<sup>90</sup> Direktivet stiller dei same krava, men har organisert desse i fire punkt, der lova bruker tre.<sup>91</sup>

Her har lovgivarane valt motsett løysing av i § 3-2, der dei skilde ulike reglar i ulike punkt, og i staden slått saman punkta om transportarrangement og forsikringar.<sup>92</sup> Når forsikringa etter ordlyden i direktivet omfattar utgifter når kunden avbestiller og heimtransport og bistand ved sjukdom eller ulykke, kan eg ikkje sjå at denne regelen har så nær samanheng med transportarrangementet når reisa går som planlagt at han ikkje fortener eit eige punkt i lova.<sup>93</sup>

---

<sup>86</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav a.

<sup>87</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 40.

<sup>88</sup> Pakrl. § 3-3 andre leddet.

<sup>89</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 40, jf. Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 2 bokstav c.

<sup>90</sup> Pakrl. §3-4.

<sup>91</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b, jf. pakrl. § 3-4.

<sup>92</sup> Pakrl. § 3-4 nr. 1, jf. Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b pkt. i og pkt. iv.

<sup>93</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b pkt. iv.

Det hadde òg vore brukarvenleg å forklare omgrepet *transportarrangementet* i lova betre.<sup>94</sup> Når ordet står åleine er det uvisst om lesaren straks vil skjøne at det handlar om slikt som mellomlandingar og sovekupear. Dette er enklare å lese ut av direktivet.<sup>95</sup> Det verkar som om departementet har meint å gi ein regel som inneheld meir enn krava i direktivet.<sup>96</sup> Dei burde ha vurdert å forklare eit såpass vagt omgrep, jamvel om intensjonen var god.

Plikta til kontaktinformasjon i nummer 2 og 3 i paragrafen, er enklare å oppfatte innhaldet i. Dei svarer til reglane og inndelinga i direktivet, men er meir brukarvenleg formulerte.<sup>97</sup> Punkt ii i direktivet er formulert som ein regel om kontaktinformasjon til ein lokal representant for arrangøren, eller til eit lokalt organ som kan gje bistand dersom lokal representant ikkje finst, eller direkte til arrangøren dersom korkje lokal representant eller lokalt organ finst.<sup>98</sup> I lova kjem vi raskare til kjernen i regelen, utan å måtte gå opp ei «trapp» av unntak, nemleg at kunden skal kunne kontakte arrangøren og lokale representantar om det oppstår eit problem.<sup>99</sup>

Punkt nummer 3 i lova er likare punkt iii i direktivet, men har skrive om passivforma «hvorledes mindreårige [...] kan kontaktes» til ein aktiv «hvordan pårørende [...] kan komme i kontakt med denne [den mindreårige]». <sup>100</sup> På den eine sida er det som oftast meir lesarvenleg å skrive med aktive verb, men bruken av ordet «denne» i staden for «den mindreårige» gjer det vanskelegare å sjå at regelen ikkje berre gjeld kontakt med representanten for arrangøren.

## 2.7 Overdraging av reisa

Vi finn reglane om rett til å overdra pakkereisa til andre i pakkereiselova § 4-4. Reglane svarer til artikkel 4 nummer 3 i direktivet, men er litt ulikt formulerte.<sup>101</sup> Det er tre vilkår for å overdra ei pakkereise etter lova: At den nye kunden oppfyller eventuelle vilkår for å vere med på reisa, at den som overdrar reisa seier ifrå i rimeleg tid og at overdraginga ikkje stir med reglar som bind arrangøren.<sup>102</sup> Dei to første vilkåra står i første punktumet, det tredje i andre punktumet. Dette skaper ein viss uorden, og paragrafen hadde vore enklare å lese om hovudregelen hadde eit punktum for seg og unntaka eit, eller to, for seg. I direktivet er både hovudregelen og vilkåra

---

<sup>94</sup> Pakrl. § 3-4 nr. 1.

<sup>95</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b pkt. i.

<sup>96</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 41.

<sup>97</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b pkt. ii og pkt. iii.

<sup>98</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b pkt. ii.

<sup>99</sup> Pakrl. § 3-4 nr. 2.

<sup>100</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 1 bokstav b pkt. iii, jf. pakrl. § 3-4 nr. 3.

<sup>101</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 3.

<sup>102</sup> Pakrl. § 4-4 første leddet.

i det same punktumet, som da får ei lang innskoten leddsetning, noko som heller ikkje er lesarvenleg.<sup>103</sup>

Vilkåret om samsvar med reglar som bind arrangøren står ikkje i klartekst i direktivet, men er nok mogleg å lese inn i formuleringa «alle nødvendige betingelser» («all the conditions applicable»).<sup>104</sup> Både departementet og pakkereiseklagenemnda ser ut til å meine at regelen i lova har det same innhaldet som regelen i direktivet.<sup>105</sup> Det er ei nyttig presisering for lesaren at det kan vere hinder hos arrangøren som ikkje handlar direkte om den nye kunden. Derimot er det ikkje så tydeleg kva anna som ligg i omgrepet «nødvendige betingelser» i lova. Førearbeida nemner døme som alder, helse og gyldig visum, men ein lesar utan førehandskunnskap vil ha lite å gå på for å vurdere kva slags vilkår som er nødvendige og ikkje<sup>106</sup>.

I direktivet kan det òg sjå ut som det er eit vilkår om at kunden som vil overdra på noko vis er hindra frå å reise, i formuleringa «[h]vis forbrugeren er forhindret i at deltag» («[w]here the consumer is prevented from proceeding»).<sup>107</sup> Eg har ikkje funne praksis som tilseier at dette er meint som eit sjølvstendig vilkår, men heller som den mest sannsynlege situasjonen der kunden vil overdra reisa. Så lenge ho ikkje er meint som eit vilkår skaper formuleringa meir forvirring enn rettleiing. Da er det vettig å sløyfe henne, slik det er gjort i lova.

«Rimelig tid» er eit døme på ei vurdering som vil få ulike utfall i kvart einskild høve, på same måte som «tydelig og forståelig» over.<sup>108</sup>

## 2.8 Atterhald om endringar av avtala

Pakkereiselova § 4-5 fortel korleis arrangøren kan endre avtalevilkår gjennom å ta etterhald i avtala. Det er ikkje vanskeleg for arrangøren å endre avtala til gagn for forbrukaren, men det skjer vel heller ikkje så ofte at ein arrangør gjer slikt på eige initiativ. For å endre avtala til ulempe for forbrukaren må det derimot stå klart i avtala at det er mogleg.<sup>109</sup> Regelen er eit leseleg uttrykk for ein ulovfesta regel i kontraktretten, og har ikkje noko motstykke i

---

<sup>103</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 3 første punktumet.

<sup>104</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 3 første punktumet.

<sup>105</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 43, jf. PKRN-2014-198.

<sup>106</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 43.

<sup>107</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 3 første punktumet.

<sup>108</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 43.

<sup>109</sup> Pakrl. § 4-5 første leddet.

direktivet.<sup>110</sup> Kva som faktisk inneber ei endring, og dei litt svevande uttrykka «uttrykkelig» og «ulempe», er vurderingsspørsmål som er vanskeleg å gje klarare uttrykk for i ein lovtekst.<sup>111</sup>

Andre og tredje ledda handlar om når det er mogleg å bruke eit etterhald i avtala til å auke prisen. Regelen svarer til artikkel 4 nummer 4 i pakkereisedirektivet.<sup>112</sup> Andre ledet i pakkereiselova § 4-5 inneheld vilkår om innhaldet i avtala, som må ha eit etterhald om prisjustering både opp og ned frå det avtale, og vise korleis dette skal reknast ut presist. Dette siste er eit vurderingsspørsmål.<sup>113</sup> Skrivemåten i lova er litt tung når det står at «[f]orbehold om prisforhøyelse kan bare gjøres gjeldende hvis ...».<sup>114</sup> Her er direktivet klarare, om enn også litt kanselliprega, med formuleringa «[d]e i kontrakten fastsatte priser kan ikke ændres, medmindre ...» («[t]he prices laid down in the contract shall not be subject to revision unless ...»).<sup>115</sup> Å forme setninga slik at prisane er subjektet gjer det lettare å finne handlinga paragrafen regulerer.

Lovgivarane har plassert tidsfristen på 20 dagar før avreise i andre ledet i lova.<sup>116</sup> Kva som er den beste systematikken her er nok ei smakssak. Direktivet skil logisk nok mellom reglane for avtala og for tidsfristen, men både måtane å løyse dette på er fullt ut leselege.

Direktivet skil derimot ikkje mellom reglane for innhaldet i avtala og reglane for omstenda rundt avtala, slik lova gjer ved å da det siste inn i tredje ledet. Ordlyden i lova og i direktivet er bortimot identiske, men eit eige ledd i paragrafen gjer den same teksten lettare å lese enn slutten på ei setning som allereie er lang.<sup>117</sup> Lovgivarane burde derimot vurdert å byte ut uttrykka «herunder» og «så som».<sup>118</sup> Desse er heilt like orda i den danske utgåva av direktivet, men verkar meir gamaldagse på norsk.

## 2.9 Plikt til å gi melding om manglar og endringar

Regelen i pakkereiselova § 4-6 gir arrangøren plikt til å seie ifrå til kunden dersom reisa blir avlyst, mangelfull eller arrangøren vil endre avtalevilkåra. Regelen skal oppfylle delar av artikkel 4 nummer 5 i pakkereisedirektivet, som handlar om vesentlege endringar av avtala.<sup>119</sup>

---

<sup>110</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 44.

<sup>111</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 44.

<sup>112</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 4.

<sup>113</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 44.

<sup>114</sup> Pakrl. § 4-5 andre ledet første punktumet.

<sup>115</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 4 bokstav a.

<sup>116</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 4 bokstav b.

<sup>117</sup> Pakrl. § 4-5 tredje ledet, jf. Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 4 bokstav a.

<sup>118</sup> Pakrl. § 4-5 tredje ledet.

<sup>119</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 5.

Innhaldet i direktivet og i lova er altså ikkje heilt likt, fordi lova gir arrangøren plikt til å gi melding også når endringa ikkje er vesentleg.<sup>120</sup> Felles for lova og direktivet er at arrangøren skal seie ifrå så snart som råd.<sup>121</sup>

I første leddet i lova, andre punktumet, er det krav til at arrangøren må opplyse om at kunden må reklamere dersom han vil heve avtala, kvar kunden skal rette reklamasjonen og plikta til å reklamere innan rimeleg tid.<sup>122</sup> Direktivet stiller ikkje like konkrete krav, men slår fast at meldar skal ha høve til å «træffe de relevante beslutninger» («take appropriate decisions»), til dømes å heve avtala.<sup>123</sup> Slik sett er neppe krava til innhaldet i meldinga ulike, men lesaren finn meir konkret informasjon i lova. Første leddet i § 4-6 er ikkje veldig langt, men lovgivarane kunne gjort teksten meir brukarvenleg ved å flytte reglane om reklamasjon i andre og tredje punktuma til eit eige ledd.

§ 4-6 andre leddet er òg eit krav om innhaldet i meldinga frå arrangøren. Ettersom denne regelen gjeld når arrangøren må avlyse reisa, er ikkje reglane om reklamasjon for å heve avtala aktuelle.<sup>124</sup> I staden må arrangøren opplyse om reglane om tilbakebetaling eller rett til ny reise i § 5-2. Lovgivarane kunne gjort denne regelen enklare å lese ved å vise til overskrifta i § 5-2, framfor berre paragrafnummeret.

## 2.10 Heving

Reglane om når kunden kan heve avtala står i pakkereiselova § 5-1, medan direktivet har samla reglane om melding om vesentlege avvik og rett til å heve i eitt punkt.<sup>125</sup> Løysingane er ulike både i form og innhald. Innhaldet er ulikt ved at kunden etter pakkereiselova berre har krav på å heve avtala når det er vesentlege endringar eller manglar, men har krav på melding om endringane uansett.<sup>126</sup> I direktivet må avviket vere vesentleg både for å gi arrangøren plikt til å melde ifrå og for å gi kunden rett til å heve avtala.<sup>127</sup> Den norske løysinga verkar meir pedagogisk utforma, sidan ho skil mellom plikter for arrangøren og rettar for kunden.

I lova finst det òg ei rettleiing om endringar som alltid er å rekne som vesentlege, ei prisauke på meir enn ti prosent.<sup>128</sup> Dette kan vere til hjelp når lesaren vil vite kva ei «vesentlig ulempe» er. Det er òg ei fare for at det skaper ein minstestandard som gjer det vanskelegare for ein kunde

---

<sup>120</sup> Ot.prp nr. 35 (1994–1995) s. 45.

<sup>121</sup> Pakrl. § 4-6, jf. Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 5.

<sup>122</sup> Jf. pakrl. § 5-1 andre leddet.

<sup>123</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 5.

<sup>124</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 45.

<sup>125</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 5.

<sup>126</sup> Pakrl. § 5-1 første leddet, jf. § 4-6 første leddet.

<sup>127</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 5.

<sup>128</sup> Pakrl. § 5-1 første leddet.

å vinne fram med ein påstand om at ei prisauke på mindre enn ti prosent er vesentleg i den konkrete situasjonen han er i. Det ser ikkje ut til at denne problemstillinga har kome opp i pakkereiseklagenemnda.

Reklamasjonsfristen i andre leddet er «innen rimelig tid». Dette er ei vurderingssak som det er vanskeleg å seie meir om i lova.

## **2.11 Tilbakebetaling eller ny pakkereise**

Når kunden har heva avtala gir pakkereiselova § 5-2 han rett til å få tilbakebetalt utlegga sine, eller å få ein ny reise av tilsvarende eller høgare verdi. Denne hovudregelen gjeld òg når det er arrangøren som avlyser reisa. I pakkereisedirektivet står den same regelen i artikkel 4 nummer 6.<sup>129</sup> Det er kunden som vel mellom desse to alternativa, men dette står ikkje ordrett i lova eller direktivet.<sup>130</sup> Lovgjevarane har ordlagt seg betre i forbrukarkjøpslova § 29, der det står klart at «[f]orbrukeren kan velge mellom å kreve ...».

I pakkereiselova § 5-2 andre og tredje ledda går det fram at kunden betaler prisforskjellen dersom han får ei ny reise av høgare verdi, medan arrangøren betaler dersom den nye reisa er mindre verd. Dette er klart og greitt formulert i to ulike ledd, slik at det er lett for lesaren å skilje reglane frå kvarandre.

## **2.12 Skadebot ved heving og avlysing**

Hovudregelen i pakkereiselova § 5-3 er at kunden har krav på skadebot ved heving eller avlysing. Dette svarer til regelen i pakkereisedirektivet artikkel 4 nummer 6 andre leddet.<sup>131</sup> Hovudregelen er kort og grei, men seier lite om kor stor skadebot kunden kan få. Det er til dømes ikkje så enkelt for lesaren å sjå at lovgivarane har meint at kunden har krav på skadebot for både direkte og indirekte tap.<sup>132</sup> Både forbrukarkjøpslova og kjøpslova har reglar om omfanget av skadebota, i høvesvis § 52 og § 67. Det hadde vore praktisk for lesaren om også pakkereiselova hadde ein tilsvarende paragraf, for å sleppe å samanlikne med andre lover på forbrukarområdet for å kome fram til eit svar.

Dei to nummererte unntaksreglane i pakkereiselova § 5-3 gjeld når det er færre påmelde enn arrangøren har stilt krav om, og for hindringar som arrangøren ikkje kunne ha føresett eller

---

<sup>129</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 6 første leddet.

<sup>130</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 19.

<sup>131</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 6 andre leddet.

<sup>132</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 46.

unngått. Det første av desse unntaka gir arrangøren plikt til å gi skriftleg melding om at det er for få påmelde til reisa.<sup>133</sup> Unntaksreglane i lova er nokså likt formulerte som dei i direktivet.<sup>134</sup>

I motsetning til i direktivet bruker ikkje lova uttrykket «force majeure» i denne paragrafen, og slik uttrykket er forklart i direktivet er innhaldet i reglane strengare i EU-retten.<sup>135</sup> Etter lova gjeld unntaket for «hindring som ligger utenfor arrangørens kontroll ...», medan direktivet krev at omstenda òg er «usædvanlige» («unusual»).<sup>136</sup> At reglane ikkje er like viser seg òg ved å samanlikne med den tilsvarande skadebotregelen for manglar, som eg kjem tilbake til under. Pakkereisenemnda ser ut til å følgje regelen om kontrollansvar framfor regelen om force majeur.<sup>137</sup>

## 2.13 Skadebot ved manglar

Pakkereiselova § 6-4 regulerer skadebot til kunden som følgje av at pakkereisa er mangelfull. Regelen er bygd på artikkel 5 nummer 2 i pakkereisedirektivet.<sup>138</sup> Regelen i direktivet gir ikkje rettar eller plikter direkte til arrangøren eller kunden, men i staden ei plikt for medlemsstatane om å ha visse reglar om skadebot.

Hovudregelen i første leddet i paragrafen gir rett til skadebot ved manglar. Som eg var inne på over, ved reglane om skadebot ved heving, ville det vore nyttig for lesaren med ein tydeleg regel om omfanget av skadebota. Derimot får lesaren av lova meir rettleiing enn lesaren av direktivet om kva det vil seie at reisa er mangelfull, på grunn av regelen i § 6-1, som ikkje har nokon parallel i direktivet.

Unntaket frå hovudregelen er plassert i andre leddet, og viser til regelen om kontrollansvar ved heving eller avlysing i § 5-3. Ved manglar har direktivet ein regel som liknar meir på dette kontrollansvaret, der det først viser til force majeure-regelen i artikkel 4 nummer 6, men legg til eit unntak for hendingar som arrangøren ikkje kunne «forudse eller foregrive» («foresee or forestall»).<sup>139</sup> Slike reine tilvisingar som i pakkereiselova § 6-4 andre leddet får tydeleg fram at regelen er meint å vere lik, men gjer òg at lesaren må leite meir i lovverket. Her kunne omsynet til å unngå gjentakingar ha vike for å gjere regelen meir lesevenleg.

Regelen om godtgjersle for ikkje-økonomisk tap, i tredje leddet, har ikkje noko motsvar i direktivet. Det er vanskeleg å lese ut av regelen kva som skal til for å få ei slik godtgjersle og

---

<sup>133</sup> Pakrl. § 5-3 nr. 1.

<sup>134</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 6 andre leddet.

<sup>135</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 6 andre leddet pkt. ii.

<sup>136</sup> Rdir 90/314/EØF art. 4 nr. 6 andre leddet pkt. ii.

<sup>137</sup> PRKN-2011-200.

<sup>138</sup> Rdir 90/314/EØF art. 5 nr. 2 første leddet.

<sup>139</sup> Rdir 90/314/EØF art. 5 nr. 2 første leddet tredje strekpunkt.

kor stor ho kan bli, og det går fram av førearbeida at det er opp til domstolane og klagenemnda å presisere denne regelen.<sup>140</sup> Ei slik løysing er ikkje så pedagogisk på papiret, men like fullt truleg den mest praktiske i spørsmål som opnar for såpass mykje bruk av skjønn.

Fjerde ledet gir arrangøren plikt til å gi kunden nødvendig bistand jamvel i situasjonar som er utanfor kontrollen til arrangøren. Regelen viser til andre ledet, og har ein tilsvarende regel i direktivet.<sup>141</sup> Utforminga i lova er venstretung, og ville vore enklare å lese dersom plikta til å hjelpe kunden kom først i setninga. Departementet går ut frå at arrangøren har ei slik plikt også når han ikkje er fritatt frå skadebot etter kontrollansvaret.<sup>142</sup> Dette gjer det mindre viktig å stille vilkåret lengst fram i regelen.

## 2.14 Reklamasjonsplikt

Reklamasjonsplikta for manglar etter at reisa har tatt til er regulert i pakkereiselova § 8-1. Hovudregelen er at kunden må reklamere innan rimeleg etter at han oppdaga mangelen. Dersom han ikkje reklamerer, mistar han også dei rettane han kunne fått som følgje av mangelen.<sup>143</sup> Regelen svarer til artikkel 5 nummer 4 i direktivet, og er utforma som ein mindre venstretung variant av denne.<sup>144</sup>

Lova liknar òg på tilsvarende reklamasjonsreglar i andre forbrukarlover, til dømes forbrukarkjøpslova § 27, og på regelen om manglar før avreise i pakkereiselova § 5-1 andre ledet. Det går ikkje tydeleg fram av pakkereiselova at reklamasjonsfristen berre gjeld meldinga om at kunden meiner å ha eit krav på grunn av mangel, ikkje nødvendigvis kva slags krav han vil rette på grunn av mangelen, og at det heller ikkje er noko krav til måten kunden gir slik melding på.<sup>145</sup> Dette er heller ikkje uttrykt klart i dei andre forbrukarlovene.

I andre ledet i § 8-1 finn vi ei plikt for arrangøren til å opplyse om reklamasjonsplikta. Dersom dette ikkje er oppgitt i avtala, kan ikkje arrangøren avvise ein reklamasjon som til dømes har kome for seint.<sup>146</sup> Dette er formulert meir direkte som ei plikt for arrangøren i direktivet, men direktivet seier derimot ikkje kva som blir konsekvensen av at arrangøren forsømer denne plikta.<sup>147</sup> Regelen i § 8-1 andre ledet liknar elles på regelen i § 4-6 første ledet tredje

---

<sup>140</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 49.

<sup>141</sup> Rdir 90/314/EØF art. 5. nr. 2 andre ledet.

<sup>142</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 49.

<sup>143</sup> Pakrl. § 8-1 første ledet.

<sup>144</sup> Rdir 90/314/EØF art. 5 nr. 4 første ledet.

<sup>145</sup> Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) s. 50.

<sup>146</sup> Pakrl. § 8-1 andre ledet.

<sup>147</sup> Rdir 90/314/EØF art. 5 nr. 4 andre ledet.

punktumet som òg seier at reklamasjonsfristen ikkje gjeld når arrangøren ikkje har gitt melding om reklamasjonsplikta.

Lova har vidare to avgrensingar av reklamasjonsplikta, i § 8-2. Desse avgrensingane har ikkje noko motsvar i direktivet. Dette gjeld der arrangøren har handla aktlaust eller i strid med god tru, og ved personskadar.<sup>148</sup> Det første unntaket må byggje på ei vurdering frå sak til sak, men reglar om akløyse og god tru finst no i såpass mykje av lovgivinga at det er grunn til å tru at også ein forbrukar har ein slags idé om kva som ofte blir lagt vekt på i slike vurderingar.

---

<sup>148</sup> Pakrl. § 8-2.

### **3 Tidspartlova**

Tidspartlova frå 2012 skal gjennomføre timesharedirektivet frå 2009, men erstattar òg tidspartlova 1997, som gjennomførte timesharedirektivet 1994.<sup>149</sup> Her kan det vere mogleg å sjå på språkutviklinga over tid, i lover som skal regulere det same. Under førebuinga av tidspartlova var det ingen stor tidspartbransje i Noreg, men det var ei raskt veksande næring i Europa, som før timesharedirektivet 1994 hadde rykte for å ha mange useriøse aktørar.<sup>150</sup> Det nye timesharedirektivet kom som følgje av utviklinga i næringa, med produkt som ikkje var omfatta av det tidlegare direktivet, noko som førte med seg problem for forbrukarane.<sup>151</sup>

Det nye timesharedirektivet var difor meir omfattande, og i tillegg bygd på prinsippet om totalharmonisering, altså at nasjonale reglar ikkje kan avvike frå direktivet.<sup>152</sup> Dette skal gjere det enklare å vite kva slags reglar som gjeld, og gje betre vern både for forbrukarar og seriøse næringsdrivande.<sup>153</sup> Ettersom timesharedirektivet er basert på totalharmonisering er i utgangspunktet heile lova interessant å sjå på i samanheng med direktivet. Denne løysinga har gjort det viktig å leggje seg nært opp til ordlyden i direktivet, slik at det er sannsynleg med stor språkleg påverknad frå EU.<sup>154</sup> Eg kjem inn på den tidlegare lova og det tidlegare direktivet der det er nyttig for samanlikning.

#### **3.1 Allmenne føresegner**

Tidspartlova § 1 første leddet gir reglar om kva slags partar og avtaler lova omfattar. Lova gjeld avtaler mellom næringsdrivande og forbrukarar, i tråd med timeshare-direktivet artikkel 1 nummer 2.<sup>155</sup> Lova listar vidare opp dei fire typane avtaler ho gjeld: Deltidsbruksrett, langtidsferieprodukt, vidaresal av deltidsbruksrett og langtidsferieprodukt og byte av deltidsbruksrett.<sup>156</sup> Ei slik opplisting finst ikkje i direktivet, og lesaren må i staden finne typane avtaler i artikkel 2 om definisjonar.<sup>157</sup> Her viser den norske gjennomføringa seg som meir brukarvenleg enn direktivet.

---

<sup>149</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 5.

<sup>150</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 6.

<sup>151</sup> EP/Rdir 2008/122/EF fortala pkt. 1 og 2.

<sup>152</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 7.

<sup>153</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 7.

<sup>154</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 9.

<sup>155</sup> Tidspartlova § 1 første leddet, jf. EP/Rdir 2008/122/EF art. 1 nr. 2 første leddet.

<sup>156</sup> Tidspartlova § 1 første leddet bokstav a–d.

<sup>157</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav a–d.

Andre ledd i tidspartlova § 1 handlar om ei avgrensing av geografiske verkeområdet, der visse reglar ikkje gjeld på Svalbard. Sidan Svalbard ikkje er del av EØS-avtala går eg ikkje vidare inn på dette.

Som nemnt over ligg lova tett opp til ordlyden i direktivet. I § 2 følgjer bokstavpunkta i lova dei åtte første bokstavpunkta i direktivet artikkel 2.<sup>158</sup>

Avtale om deltidsbruksrett i bokstav a stiller opp tre kriterium: Avtala må vare lengre enn eitt år, gi bruksrett i meir enn éin periode og vere mot vederlag. Ordlyden i lova svarer til direktivet ord for ord.<sup>159</sup> Her kunne det vore tenkjeleg å flytte kriteriet om vederlag til slutten av punktet, men så lenge regelen er såpass kort har det lite å seie. Ordlyden i direktivet er ein del enklare i form og innhald enn i det tidlegare direktivet, som både stilte opp kriterium om at bruksretten var knytt til fast eigedom og om at bruksretten skulle vare i minst ei veke i året.<sup>160</sup>

I lova er det tidlegare omgrepet tidspart no bytt ut med deltidsbruksrett.<sup>161</sup> Omgrepene *deltidsbruksrett* skildrar rett nok betre kva slags fenomen det er snakk om, men i daglegtale er nok *timeshare* eit vanlegare uttrykk, og ordet *tidspart* ligg nærmare opp til dette. Denne omgrevsendringa har òg fått det litt merkelege utslaget at kortnamnet til den nye lova framleis er tidspartlova, trass i at dette omgrepet altså har gått ut av lovteksten. Alt i alt ser eg ikkje nokre sterke grunnar til å føretrekke det eine omgrepet framfor det andre.

Ei avtale om langtidsferieprodukt etter tidspartlova § 2 bokstav b skal òg vare i meir enn eitt år, og gir rett til rabattar eller andre fordelar i samband med innkvartering, også her mot vederlag. Igjen er ordlyden i lova og i direktivet bortimot heilt like.<sup>162</sup> Lovgivarane kunne godt ha stykka opp denne setninga litt for å unngå ei rotete setning. Ordet *eller* går igjen tre gonger mot slutten av punktet, og gjer det vanskeleg å sjå kvar ein del av regelen tar slutt og den neste startar.

Denne typen avtaler var ikkje regulert i den tidlegare lova eller i det tidlegare direktivet, og dreier seg om «klubbar» der forbrukaren betaler for tilgang til rabattar i staden for bruksrett.<sup>163</sup> Omgrepene *langtidsferieprodukt* gir i seg sjølv få assosiasjonar til kva det inneheld, mest fordi eit produkt kan vere nær sagt kva som helst. Så lenge direktivet òg bruker ordet *produkt* om dette er det vanskeleg å få på plass eit betre avløysarord på norsk.

Ei avtale om vidaresal etter § 2 bokstav c er ei avtale der ein næringsdrivande får betalt for å hjelpe forbrukaren med å kjøpe eller selje ein deltidsbruksrett eller eit langtidsferieprodukt.

---

<sup>158</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav a–h.

<sup>159</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav a.

<sup>160</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav a, jf. EP/Rdir 94/47/EF art. 2 første strekpunktet.

<sup>161</sup> Tidspartlova § 2 bokstav a, jf. tidspartlova 1997 § 2 bokstav a.

<sup>162</sup> Tidspartlova § 2 bokstav b, jf. EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav b.

<sup>163</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 11.

Desse avtalene var heller ikkje del av den gamle lova eller direktivet, men det er lett å sjå kva dei går ut på ut frå ordlyden.

Bytteavtaler i § 2 bokstav d er heller ikkje så vanskeleg å få tak på, språkleg sett. Ut frå førearbeida kan det derimot sjå ut til at sjølve jussen rundt desse avtalene er desto meir komplisert.<sup>164</sup> Forbrukaren betaler for å bli med i ei byteordning der han får tilgang til deltidsbruksrettane til andre og andre får tilgang til hans.<sup>165</sup> Som over er dette ein avtaletype som var ny i lovverket da den nye tidspartlova kom, og utforminga av regelen ligg heilt opptil direktivet.

Tidspartlova § 2 bokstav e og f gir definisjonar av omgrepa *næringsdrivande* og *forbrukar*. Desse definisjonane er i tråd med dei andre forbrukarlovene, og skil seg litt frå direktivet ved ein litt kortare definisjon av *næringsdrivande* og ein vidare definisjon av *forbrukar*, som omtalt over.<sup>166</sup>

Ei tilknytt avtale, etter tidspartlova § 2 bokstav g, er ei avtale der forbrukaren mottar tenester frå den næringsdrivande tilknytt ei avtale om deltidsbruksrett eller langtidsferieprodukt. Ordlyden i lova svarer heilt til ordlyden i direktivet.<sup>167</sup>

I § 2 bokstav h er eit varig medium definert som ei innretning der partane i avtala kan lagre opplysingar som dei kan hente fram att i uendra form. Dette kan omfatte skrift på papir eller elektroniske filer, men ikkje til dømes nettsider som den næringsdrivande kan endre på.<sup>168</sup> Ordlyden er som i direktivet, og er truleg såpass vag for å kunne ta høgd for teknologutvikling i framtida.<sup>169</sup>

Timeshare-direktivet inneheld to definisjonar til i artikkel 2 nummer 1 bokstavane i og j om «åferdsreglar» og «ansvarlege for åferdsreglar». Dette er ulovfesta normer som gir uttrykk for god skikk, til dømes innanfor ein bransje. Eit norsk døme på åferdsreglar kan vere Vær Varsom-plakaten, der det ansvarlege organet er Norsk Presseforbund. Departementet såg det ikkje som nødvendig å vise til slike reglar i lova, og tok difor heller ikkje inn definisjonane.<sup>170</sup>

Tidspartlova § 3 slår kort og greitt fast at lova ikkje er fråvikeleg til skade for forbrukaren. Denne regelen fanst òg i tidspartlova 1997 § 3, og ein variant finst i forbrukarkjøpslova § 3. Regelen byggjer på ei meir omstendeleg formulering i timeshare-direktivet artikkel 12 nummer 1 om at medlemsstatane passar på at forbrukarane ikkje kan fråskrive seg rettane dei får

---

<sup>164</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 11–12.

<sup>165</sup> Tidspartlova § 2 bokstav d.

<sup>166</sup> Prop. L 57 (2011–2012) s. 38, jf. forbrkjl. § 1.

<sup>167</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav g.

<sup>168</sup> Prop. L 57 (2011–2012) s. 38–39.

<sup>169</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 2 nr. 1 bokstav h.

<sup>170</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 13.

gjennom direktivet når avtala ligg under lova i ein medlemsstat.<sup>171</sup> Her er den norske utforminga av regelen føredømeleg klar.

Regelen om lovval utanfor EØS i tidspartlova § 4 skal verne forbrukaren mot vilkår som er dårlegare enn han ville fått etter den norske lova. Dette gjeld anten dersom avtala gjeld fast eigedom i eit EØS-land, eller dersom avtala ikkje gjeld fast eigedom, men den næringsdrivande rettar verksemda si mot eit EØS-land. I slike høve kan ikkje forbrukaren få dårlegare vern enn etter tidspartlova.<sup>172</sup> Lova er utforma likt som direktivet.<sup>173</sup> For ikkje-juristen er ikkje denne regelen like lettles som formuleringa i tidspartlova 1997 § 5, men regelen måtte nødvendigvis bli meir komplisert når lova ikkje berre skulle gjelde for fast eigedom.

### **3.2 Opplysningsplikta til den næringsdrivande**

Den næringsdrivande har ei omfattande opplysningsplikt før det blir inngått avtale. Dette er regulert i tidspartlova § 5, som i første leddet listar opp elleve punkt forbrukaren skal ha opplysingar om, i tillegg til kriterium om at opplysingane skal vere nøyaktige og tilstrekkelege og kome i god tid. Som nemnt fleire gonger over må lova nødvendigvis vere litt utsydeleg når meinингa er at det skal nyttast skjønn.

I direktivet er det inga slik liste over typar opplysingar, i staden er det vist til standardopplysingsskjema for kvar av dei fire typane avtaler.<sup>174</sup> Altså er første leddet i lova mest til pedagogisk hjelp for å sjå kva hovudinhaldet i skjemaa er, medan regelen om bruk av standardskjema først kjem i andre leddet.<sup>175</sup> Det er nyttig for lesaren å kunne få eit raskt overblikk over kva slags opplysingar han skal få, eller gi, men slik lova er formulert no kjem hovudregelen under rettleiinga. Det er som oftast betre å setje hovudregelen først i paragrafen.

Tredje og fjerde ledda i § 5 stiller fleire krav til opplysingane. Den næringsdrivande skal gje dei kostnadsfritt, dei skal vere på eit såkalla varig medium som er lett tilgjengeleg og dei skal vere på eit offisielt EØS-språk der forbrukaren bur eller er statsborgar.<sup>176</sup> Språkkravet byr neppe på praktiske problem så lenge det er snakk om standardskjema som finst på alle dei offisielle språka i EØS-landa.

Språkleg sett er den vanskelegaste formuleringa her at omgrepet *varig medium* er såpass vagt. Det kunne vore meir brukarvenleg å gjenta definisjonen i kvar regel det er aktuelt, heller enn at

---

<sup>171</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 12 nr. 1.

<sup>172</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 39.

<sup>173</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 12 nr. 2.

<sup>174</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 4 nr. 1.

<sup>175</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 39.

<sup>176</sup> Tidspartlova § 5 tredje og fjerde ledda.

lesaren stadig må bla tilbake til ein eigen definisjonsparagraf. Her blir lovgivarane bundne til eit dårleg uttrykk på grunn av prinsippet om totalharmonisering.<sup>177</sup>

Tidspartlova § 6 om marknadsføring viser i første og andre ledda tilbake til standarskjema i § 5. Den næringsdrivande må opplyse om at og kvar dei finst i marknadsføringa si, og ha dei tilgjengelege under marknadsføringsarrangement.<sup>178</sup> Lovgivarane har valt å vise til desse skjema som «opplysninger som nevnt i § 5 første, jf. annet ledd».<sup>179</sup> Dette kunne dei gjort meir lesevenleg ved å føye til «skjema med opplysninger ...» eller liknande.

Første ledet gjeld etter ordlyden for all marknadsføring, i direktivet artikkel 3 nummer 1 nemna «reklame» («advertising»)<sup>180</sup>. I førearbeida går det fram at departementet meiner første ledet gjeld marknadsføring i form av reklame i ulike medium.<sup>181</sup> I daglegtale ville ein stand på eit torg neppe gå under korkje mediereklame eller marknadsføringsarrangement, men det verkar ikkje i tråd med systemet i lova at den næringsdrivande skal vere fri frå opplysningsplikta akkurat i slike høve. Dersom lova skulle vere meint slik at marknadsføring utanom gjennom massemedia ikkje gjekk inn under første ledet, bør lovgivarane endre ordlyden, til dømes til *reklame*, i tråd med den danske utgåva av direktivet.<sup>182</sup>

Andre ledet gjeld for sals- og marknadsføringsarrangement. Her er det både eit krav om å ha standardskjema tilgjengelege og om å vise tydeleg at arrangementet har eit kommersielt føremål, i tråd med høvesvis artikkel 3 nummer 3 og 2 i direktivet.<sup>183</sup> At lova slår saman to punkt i direktivet til eitt ledd påverkar ikkje kor leseleg regelen er i særleg grad. Reglane heng uansett tett saman. Departementet peiker på at regelen om at marknadsføring tydeleg skal stå fram som marknadsføring allereie finst i marknadsføringslova, men har likevel valt å ta med regelen også i tidspartlova.<sup>184</sup> Dette er praktisk for lesaren, som da kan finne dei relevante reglane for eit saksfelt utan å måtte slå opp i fleire lover.

§ 6 tredje ledet, som gjennomfører artikkel 3 nummer 4 i direktivet, gir eit forbod mot å marknadsføre deltidsbruksrett eller langtidsferieprodukt som ei investering.<sup>185</sup> Departementet peiker på at omgrepene *investering* kan vere uklart, men vel å forstå det som ei rein økonomisk

---

<sup>177</sup> EP/Rdir 2008/122/EF fortala pkt. 3.

<sup>178</sup> Tidspartlova § 6 første og andre ledda.

<sup>179</sup> Tidspartlova § 6 første og andre ledda.

<sup>180</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 3 nr. 1.

<sup>181</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 40.

<sup>182</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 3 nr. 1.

<sup>183</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 3 nr. 2 og nr. 3.

<sup>184</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 40.

<sup>185</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 3 nr. 4.

investering.<sup>186</sup> Dei har likevel valt å la vere å presisere dette i ordlyden i lova, truleg fordi forbodet omfattar meir enn det EØS-rettslege omgrepene *økonomisk investering*.<sup>187</sup>

### 3.3 Forma og innhaldet i avtala

Tidspartlova § 7 første leddet stiller krav til at avtala skal vere skriftleg på eit varig medium. Dette uttrykket har eg diskutert over. Regelen stiller òg krav til at partane underskriv avtala, men dette er mogleg å gjere elektronisk.<sup>188</sup>

Andre leddet i tidspartlova § 7 første og andre punktuma stiller dei same språkkrava som § 5 fjerde leddet, sjå over. I tredje punktumet er det eit tillegg om avtaler som gjeld fast eigedom i ein EØS-stat der forbrukaren korkje bur eller er statsborgar. I desse høva skal forbrukaren òg få eit eksemplar av avtala på eit offisielt språk i landet det gjeld. Dette leddet svarer til artikkel 5 nummer 1 i direktivet.<sup>189</sup> Språkreglar i eit område med 26 offisielle språk og mykje flytting på tvers av landegrenser vil nødvendigvis bli kompliserte, og det er vanskeleg å sjå korleis norske lovivarar kunne rydda i dette utan å endre på innhaldet i regelen.

Tredje leddet i § 7 seier at forbrukaren skal få kopi av avtala ved inngåinga. I direktivet artikkel 5 nummer 5 er det presisert at det kan vere éin eller fleire kopiar.<sup>190</sup> Så lenge minstekravet er éin kopi i både formuleringane har dette lite å seie i praksis.

Fjerde leddet gjer verknaden av at formkrava ikkje er oppfylte at forbrukaren ikkje er bunden av avtala. Dette har ikkje direkte motsvar i direktivet, men vidarefører regelen i tidspartlova 1997 § 9.<sup>191</sup>

Tidspartlova § 8 første leddet gjer opplysingane i standardskjemaet i § 5 til ein del av avtala og stiller svært strenge krav til å endre på desse utan ei avtale om det. Regelen svarer til artikkel 5 nummer 2 i direktivet, men set saman til eitt ledd der direktivet har tre.<sup>192</sup> Her kunne lovivarane godt ha følgt systematikken i direktivet for å gjere reglane enklare å lese.

Andre leddet er reine formalkrav til innhaldet, like som i direktivet artikkel 5 nummer 3, og bør neppe by på språklege vanskar for nokon.<sup>193</sup> Tredje og fjerde ledd handlar om angrerett. Forbrukaren skal underskrive særskild på avtalevilkåra om angrerett og angrefrist, og avtala

---

<sup>186</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 40.

<sup>187</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 40.

<sup>188</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 40, jf. esignl. § 6.

<sup>189</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 5 nr. 1.

<sup>190</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 5 nr. 5.

<sup>191</sup> Prop. L 57 (2011–2012) s. 40.

<sup>192</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 5 nr. 2.

<sup>193</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 5 nr. 3.

skal innehalde eit skjema for angrerett. Språkleg sett er dette klart nok, og også i samsvar med direktivet.<sup>194</sup>

### **3.4 Betaling**

Tidspartlova § 9 første leddet stiller forbod mot å ta forskotsbetalt før angrefristen har gått ut for deltidsbruksrett, langtidsferieprodukt og byteavtaler. For vidaresal gjeld eit tilsvarande forbod, som gjeld til salet har funne stad eller avtala på anna vis er avslutta.<sup>195</sup> I direktivet har reglane for vidaresal og for dei tre andre avtaletypene fått kvart sitt punkt.<sup>196</sup> Når første punktumet i lova § 9 er såpass langt ville det vore hendig med eit nytt ledd, trass i at reglane heng nært saman. Lovgivarane har gjort tilvisinga til § 12 lettare å lese ved å gi ei innleiing, «angrefristen etter § 12 er løpt ut», framfor ei tom tilvising av typen «vilkårene i § 12 er oppfylt».

Verknaden av at den næringsdrivande får ulovleg forskotsbetaling står i tredje leddet, at forbrukaren kan krevje pengane tilbake, med forseinkingsrente. Her er det vist til forseinkingsrentelova, men med ei innleiing som forklarer kva tilvisinga er til. Det gjer det enklare for lesaren å sjå kva slags reglar om han blar, eller klikkar, vidare til lova det er vist til.

§ 11 første leddet har eigne reglar om betaling for langtidsferieprodukt, der det er krav om ein betalingsplan med like store årlege avdrag og to vekers betalingsvarsle. Paragrafen svarer fullt ut til artikkel 10 i direktivet.<sup>197</sup> Målet er å hindre at forbrukaren betaler ein stor eingongssum for ei motyting som skal vare i lang, eller uviss, tid.<sup>198</sup> Andre leddet gir forbrukaren rett til å trekke seg frå avtala på to vekers varsle etter han har fårt det årlege betalingsvarslelet. Dette gir forbrukaren ein rett til å gå ut av avtala ein gong i året, frå og med det andre året, utan at dette fører med seg ekstra betalingsplikter.<sup>199</sup> Paragrafen synest språkleg fullt leseleg.

### **3.5 Angrerett**

Tidspartlova kapittel 5 regulerer angreretten til forbrukaren, og gjeld alle avtaletypene i lova. § 12 første leddet gir forbrukaren rett til å gå ifrå avtala utan å gi nokon grunn for det innan to veker frå forbrukaren har mottatt den inngåtte avtala. Denne tidsfristen har nokre unntak i andre,

---

<sup>194</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 5 nr. 4.

<sup>195</sup> Tidspartlova § 9 første leddet andre punktumet.

<sup>196</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 9 nr. 1.

<sup>197</sup> EP/Rdir 2008/122/EF art. 10.

<sup>198</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 25.

<sup>199</sup> Tidspartlova § 11 andre leddet.

tredje og fjerde ledda. Andre ledet utset når to-vekers-fristen startar til forbrukaren har fått standardopplysingsskjema og angreskjema, og viser til reglane om dette i §§ 5 og 8.

Tredje ledet set ei grense for andre ledet, slik at jamvel om forbrukaren aldri får skjema han har krav på vil ein annan og utvida frist starte frå forbrukaren har mottatt den inngåtte avtala som i første ledet. Den utvida fristen er tre månader og to veker dersom det er standardopplysingsskjema som manglar, og eitt år og to veker dersom det er angreskjema som manglar.<sup>200</sup>

For ein jurist kan det verke logisk og systematisk at reglane om når fristen startar og når fristen går ut er plasserte kvar for seg. For ein forbrukar som vil finne rettane sine i ein gitt situasjon ville det derimot vore enklare om reglane for kvart skjema stod for seg. Dette kunne vore gjort slik at eit ledd fortel om start og slutt på fristen når standardopplysingsskjemaet manglar og eit anna ledd fortel om start og slutt på fristen når angreskjemaet manglar. Kor som er har reglane om utvida utgang av fristen fått kvart sitt bokstavpunkt i direktivet, slik at direktivet i dette høvet er lettare tilgjengeleg for lesaren enn lova.<sup>201</sup>

I § 13 første ledet finst regelen om kva forbrukaren må gjere for å bruke angreretten. Forbrukaren må gje melding til den næringsdrivande innan fristen på eit varig medium, altså skriftleg.<sup>202</sup> Første ledet andre punktum opplyser om angreskjemaet, men gir ikkje forbrukaren noka plikt til å bruke det. Andre ledet første punktumet presiserer at forbrukaren må ha sendt før fristen går ut, det er altså ikkje nødvendig at den næringsdrivande faktisk har mottatt meldinga. Reglane hittil i paragrafen svarer til dei i direktivet artikkel 7, og kjem i same rekjkjefølgje.<sup>203</sup> Til slutt i andre ledet kjem ein regel som forlenger fristar som går ut på helgedagar til første verkedag. Denne regelen står ikkje ordrett i direktivet, men gjeld for alle slike tidsfristar også i EU.<sup>204</sup> Systematikken i denne paragrafen er ikkje heilt god. Regelen om å forlenga fristar som går ut på helgedagar kunne stått saman med dei andre reglane om forlenga frist. Regelen om at meldinga berre må vere sendt, ikkje mottatt, burde stått straks etter hovudregelen i første ledet, slik at lesaren straks kunne sjå samanhengen mellom dei to reglane.

---

<sup>200</sup> Tidspartlova § 12 tredje ledet.

<sup>201</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 6 nr. 3 bokstav a og bokstav b.

<sup>202</sup> Tidspartlova § 13 første ledet.

<sup>203</sup> EP/Rdir 2008/122/EU art. 7.

<sup>204</sup> Prop. 57 L (2011–2012) s. 46.

## 4 Avslutting

Eg har i denne oppgåva sett på lovteksten i pakkereiselova og tidspartlova. Eg har leita etter formuleringar og utforming som kan verke vanskelege for lesarar som ikkje har førehandskunnskap om juss, og etter spor av påverknad frå dei tilhøyrande EU-direktiva på ordlyden i lovene.

Som eg var inne på i innleiinga er lovtekstar som sjanger særleg krevjande for lesarar utan førehandskunnskap. Lover skal gi reglar som omfattar ein abstrakt krins av personar og helst så mange tenkte problemstillingar på saksfeltet som mogleg. Ein person som les lova i rolla som forbrukar er derimot som oftast opptatt av å finne svar på ei konkret problemstilling. Dette gjer at lovene berre i avgrensa grad kan vere fullt ut brukartilpassa.

I dei to lovene eg har valt å undersøkje er det generelt lettare å sjå den direkte EU-påverknaden på tidspartlova, sidan denne byggjer på eit EU-direktiv som gir lite spelerom for nasjonale tilpassingar. Sett opp mot idealia om klarspråk hadde likevel denne lova oftare eit klart og tydeleg språk, òg når det kom til relativt kompliserte reglar.

Eg fann òg fleire døme, i både lovene, på at den norske utforminga av lova faktisk var tyngre å lese enn direktivet lovteksten bygde på. Ofte viste dette seg ikkje så mykje i ordlyden, der EU-direktiva framleis jamt over har ein setningsbygnad som verkar tunge og framande for norske lesarar. Derimot hadde EU-direktiva tilsynelatande ei meir gjennomtenkt oppbygging og inndeling i avsnitt og punktlister, der inndelinga i dei norske lovene kunne sjå meir tilfeldige ut.

Dette inneber ikkje nokon klar konklusjon om at EU-påverknad nødvendigvis er bra for utforminga av norske lover. Som nemnt i innleiinga kan dei tilfella der lovteksten har blitt uklar også ha å gjere med at lovgivarane har fått kort frist på å gjennomføre direktivet. Kva som er årsaka i kvart tilfelle vil det nok vere vanskeleg å få svar på utan ganske omfattande studium av arbeidsmetodane i departementet. Som eit tilleggspunkt vil eg nemne at der lovteksten er ujennomtrengjeleg som følgje av direktivet vil han vere vanskeleg å gjere betre, særleg i lover som byggjer på direktiv med prinsipp om totalharmonisering.

Eit vanleg råd om klarspråk er at det er betre å skrive om heile tekstar enn einskilde formuleringar. Eg har likevel drista meg til å foreslå små betringar der eg har funne dette naturleg. Dette har eg meint som eit tankeeksperiment, kva om vi heller skreiv slik, ikkje som ein bastant konklusjon om at Stortinget straks bør endre lova i tråd med forslaget.

## Kjeldeliste

### Rettskjelder

#### Norske lover og forskrifter

- 1814 Lov 17. mai 1814 Kongeriket Noregs grunnlov [Grunnlova]
- 1972 Lov 16. juni 1972 nr. 47 om kontroll med markedsføring og avtalevilkår [marknadsføringslova 1972] [oppheva]
- 1976 Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.
- 1988 Lov 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp [kjøpslova – kjl.]
- 1989 Lov 16. juni 1989 nr. 63 om håndverkertjenester m.m for forbrukere [handverkartenestelova]
- 1992 Lov 3. juli 1992 nr. 93 om avhending av fast eigedom [avhendingslova]
- 1995 Lov 25. august 1995 nr. 57 om pakkereiser og reisegaranti [pakkereiselova – pakrl.]
- 1997 Lov 13. juni 1997 nr. 37 om salg av tidsparter i fritidsbolig [tidspartlova 1997] [oppheva]
- Lov 13. juni 1997 nr. 43 om avtalar med forbrukar om oppføring av ny bustad m.m. [bustadoppføringslova]
- 2000 Lov 21. desember 2000 nr. 105 om opplysningsplikt og angrerett m.v. ved fjernsalg og salg utenfor fast utsalgssted [angrerettlova 2000] [oppheva]
- 2001 Lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur [esignaturlova – esignl.]
- 2002 Lov 21. juni 2002 nr. 34 om forbrukerkjøp [forbrukarkjøpslova – forbrkj.]
- 2009 Lov 9. januar 2009 nr. 2 om kontroll med markedsføring og avtalevilkår mv. [marknadsføringslova]
- 2012 Lov 25. mai 2012 nr. 27 om avtaler om deltidsbruksrett og langtidsferieprodukter mv. [tidspartlova]
- 2014 Lov 20. juni 2014 nr. 27 om opplysningsplikt og angrerett ved fjernsalg og salg utenom faste forretningslokaler [angrerettlova]

#### Norske førearbeid

- |                            |   |
|----------------------------|---|
| NOU 1993: 27               | Forbrukerkjøpslov   |
| Ot.prp. nr. 35 (1994–1995) | Om lov om pakkereiser (pakkereiseloven)   |
| Ot.prp. nr. 71 (1994–1995) | Om lov om endringer i pakkereiseloven (reisegaranti)  |
| Ot.prp. nr. 36 (1999–2000) | Om lov om opplysningsplikt og angrerett mv. ved fjernsalg og slag utenfor fast utsalgssted (angrerettloven) |
| Ot.prp. nr. 44 (2001–2002) | Om lov om forbrukerkjøp (forbrukerkjøpsloven)   |
| Ot.prp. nr. 41 (2005–2006) | Om lov om endringer i lov 25. august 1995 nr. 57 om pakkereiser (pakkereiseloven)                           |
| Prop. 57 L (2011–2012)     | Lov om avtaler om deltidsbruksrett og langtidsferieprodukter mv.  |

Prop. 64 L (2013–2014) Lom om opplysningsplikt og angrerett ved fjernsalg og salg utenom faste forretningslokaler (angrerettloven) (gjennomføring av direktiv 2011/83/EU om forbrukerrettigheter)

#### EU-direktiv

Rådets direktiv 85/577/EØF af 20. december 1985 om forbrugerbeskyttelse i forbindelse med aftaler indgået uden for fast forretningssted [dørsaldirektivet 1985] [oppheva]	
Rdir 90/314/EØF	Rådets direktiv 90/314/EØF af 13. juni 1990 om pakkerejser, herunder pakkeferier og pakketure [pakkereisedirektivet]
EP/Rdir 94/47/EF	Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 94/47/EF af 26. oktober 1994 om beskyttelse af køber i forbindelse med visse aspekter ved kontrakter om brugsret til fast ejendom på timeshare-basis [timesharedirektivet 1994] [oppheva]
EP/Rdir 97/7/EF	Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 97/7/EF af 20. maj 1997 om forbrugerbeskyttelse i forbindelse med aftaler vedrørende fjernsalg [fjernsaldirektivet 1997] [oppheva]
EP/Rdir 1999/44/EF	Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 1999/44/EF af 25. maj 1999 om visse aspekter af forbrugerkøb og garantier i forbindelse hermed [forbrukarkjøpsdirektivet]
EP/Rdir 2002/65/EF	Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2002/65/EF af 23. september 2002 om fjernsalg af finansielle tjenesteydelser til forbrugerne og om ændring af Rådets direktiv 90/619/EØF samt direktiv 97/7/EF og 98/27/EF [fjernsaldirektivet]
EP/Rdir 2008/122/EF	Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2008/122/EF af 14. januar 2009 om beskyttelse af forbrugerne i forbindelse med visse aspekter ved timeshareaftaler, aftaler om længerevarende ferieprodukter, videresalgs- og bytteaftaler [timesharedirektivet]
EP/Rdir 2011/83/EU	Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 2011/83/EU af 25. oktober 2011 om forbrugerrettigheder, om ændring af Rådets direktiv 93/13/EØF og Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 1999/44/EF samt om ophevelse af Rådets direktiv 85/577/EØF og Europa-Parlamentets og Rådets direktiv 97/7/EF [forbrukardirektivet]

#### Rettspraksis

Sag C-400/00 Club-Tour, Viagens e Turismo SA mod Alberto ECLI:EU:C:2002:272  
Carlos Lobo Gonçalves Garrido  
PKRN-2011-200 (Pakkereiseklagenemnda)

## Litteratur

- Backer, Inge Lorange, *Loven – hvordan blir den til?* Oslo, 2013, a.
- Backer, Inge Lorange, *Lov og lovgivning – artikler og foredrag*, Oslo, 2013, b.
- Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), *Kan lovspråk temmes? En undersøkelse om klart språk i lover og forskrifter*, rapport 2013:1, [https://www.difi.no/sites/difino/files/difi-rapport-2013-1-kan-lovspraak-temmes\\_1.pdf](https://www.difi.no/sites/difino/files/difi-rapport-2013-1-kan-lovspraak-temmes_1.pdf) [sitert 21. august 2017].
- Justitiedepartementet, *Klarspråk lönar sig. Klarspråksarbete i kommuner, landsting och statliga myndigheter*, Ds 2006: 10, <https://data.riksdimension.se/fil/E4965102-BCAB-4C23-9B72-138293B83628> [sitert 21. august 2017].
- Graver, Hans Petter, *Hva er rett*, Oslo, 2011.
- Graver, Hans Petter, «Kafkas 5 teser om Lovspråk. Om hvordan lovens lovhet påvirker lovspråket» i *Sakprosa* 02/2015 (vol. 7), art. 7 [sitert fra Sakprosa.no].
- Horigmo, Aase Marthe Johansen og Jan Erik Grindheim, «Klarspråk» i *Stat & Styring* 02/2011 (vol. 21), s. 30–33 [sitert fra Idunn].
- Kjærgaard, Anne, «Påvirker omskrivninger av tekster fra det offentlige borgernes forståelse – og hvordan?» i *Sakprosa* 02/2015 (vol. 7), art. 2 [sitert fra Sakprosa.no].
- Klarspråk.no (2015), *Nettstaden www.klarspråk.no*, <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/om-klarsprak/om-oss/klarsprak-no/> [sitert 21. august 2017].
- Klarspråk.no (a), *Prosjektet «Klart lovspråk»*, <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/om-klarsprak/om-oss/klart-lovsprak/> [sitert 21. august 2017].
- Klarspråk.no (b), *Hva er klarspråk?*, <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/om-klarsprak/hva-er-klarsprak/> [sitert 21. august 2017].
- Klarspråk.no (c), *Kvifor klarspråk?*, <http://www.sprakradet.no/Klarsprak/om-klarsprak/hva-er-klarsprak/Kvifor-klarsprak/> [sitert 21. august 2017].
- Lohndal, Terje, «På jakt etter det klare språket» i *Stat & Styring* 02/2011 (vol. 21), s. 28–29 [sitert fra Idunn].
- Nord, Andreas, Catharina Nyström Höög og Johan L. Tønneson, «Klarspråk och klarspråksarbete – ett tema i tiden» i *Sakprosa* 02/2015 (vol. 7), art. 1 [sitert fra Sakprosa.no].
- NOU 2012: 2, *Utenfor og innenfor. Norges avtaler med EU*.
- Sejersted, Fredrik, Finn Arnesen, Ole-Andreas Rognstad, Sten Foyn m.fl., *EØS-rett*, 3. utg., Oslo, 2011.
- Vinje, Finn-Erik, *Lovlig språk. Om språk og stil i lover og annet regelverk*, 2. utg., Oslo, 1995 [sitert fra Bokhylla.no].
- Wengelin, Åsa, «Mot en evidensbaserad språkvård? En kritisk granskning av några svenska klarspråksråd i ljuset av forskning om läsbarhet och språkbearbetning» i *Sakprosa* 02/2015 (vol. 7), art. 4 [sitert fra Sakprosa.no].